

Til brudeparet Kålås  
på brudlaupsdagen den 14/9.1963.

Tone: Den mann som hev om bore.

"" ""

Når slik me sitja saman om "pote" kjøt og løk,  
til "attpåmat" litt gaman, med moro, lått og spøk.  
Skal maten me fordøya på slik ein høgtidsdag,  
då må me kunna skøya so magen kjem i lag/ kjem i lag.

Der er vel kattedepina i "Velyse" i dag :  
Dei sit vel helst og grina og er i dårlegt lag.  
Ei gifteferdig gjenta - ho heiter Turid Britt-  
fekk guten som dei venta te' stogga sine skritt/sine skritt.

Mot "Velyse" han vandra i fir-ogtjuge år,  
men det vert heilt forandra når han ho Turid får.  
Ho berga kjekke gutan i frå ein lagnad klei,  
so han vart mann på slutten og ikkje peparsvein/ peparsvein.

For kva er vel ein mann som tilsist må gå i frø,  
som ingi gjenta vann og let giftetanken "dø" ?  
Han ingen hev å vaska og stella i sin heim.  
Han einsleg går og traska. Me tykkjer synd i deim/ synd i deim.

So glad vart Alfe-guten då han ho Turid såg.  
Han skunda seg mot nuten der paradiset låg.  
Fekk "Ja" med fyrste "ore". So greidt det laga seg.  
Det er 'kje illa vore når slik det ber i veg/ ber i veg.

No sit dei her ved "bore" som brudgom og som brur,  
og lukkedraumar store i deira hjarta bur.  
Me ynskjer deim den lagnad at den må verta so  
at livet vert ein fagnad for desse kjære to/ kjære to.

Men skal so gale henda at supa ho vil svi,  
og Alfen skulle skjenna og bruka seg ei tid,  
då vil ho Turid mykja han med sin beste smil  
so han vert kvitt den sykja og snøgt må godna til/ godna til.

Ein mann er kvinnens krone, men ho er mannens hals,  
og denne plass på truna ho byd 'kje fram til sals.  
Her frå ho mannen leier til kvar ei tid og stunn  
so lenge halsen greier snu hovudet i tunn/ ja, i tunn.

Men han ho bruka stoda med visdom og forstand  
so ho let mannen råda ein hende gong i bland,  
då vil det arme hjerta på kona setja pris  
og heimen han vil verta eit lite paradis/ paradis.

I tunet vaiar flaget. I stova ljomar song.  
Og heile brudlaupslaget hev denne hjartetrong :  
"Ein heim av beste sorten De byggja må i lag,  
med Gud i Inngongsporten, og til den siste dag."

Brudlaupagjestene.